



Sirkusdirektører var Kristian og Anders

No har det skjedd som vi har venta på lengje:
Uskedalen har fått sitt eige sirkus etter at vi
har importert sirkus utanfrå i meir enn 30 år. Cirkus Albardo
hadde den første framsyninga si i friluft ved skulen i kveld og
det vart ein strålende suksess.
Aktørane var dei 23 førsteklasingane
og det er berre å beklaga at ingen talentspeidarar frå eit anna
sirkus var til stades. For her var det oppsiktsvekkjande nytt å henta.
Det mest overraskande nummeret var elefant på trampoline!



Linedansarar var Saule og Selma

- Det er noko spesielt ved Uskedalen når det gjeld arrangementstalent, kommenterte ein innflyttar då det halvtimelange sirkusprogrammet nærma seg slutten.



[Oppsiktsvekkjande nummer: Elefant på trampoline!](#)

Etter 2 vekers øving slapp instruktørane Hilde Bringedal og Maria Larsen laus dei unge artistane. Dei var av alle kategoriar, frå balett- og linsedansarar til tryllekunstnarar.



Stor spenning i staben før framsyninga

Og det er ikkje noko skikkeleg sirkus utan dyr.

I tillegg til elefant hadde Albardo ei løve som viste eit overraskande dansetalent og hesten Bruno som høyrer til Stall Dønhaug og er ein kryssing av islandshest og shetlandsponny. Han var så sindig og flink som ein sirkushest skal vera!



Barnehagen hadde ein del av serveringsoppdraget

Cirkus Albardo vart påskjønta med trampeklapp frå start til mål og bør bli ein fast post under sommarfesten.



Andreklassa tok seg av pølsesalet

No er festen avvikla i ei årrekkje og er eit vellukka samspel mellom skulen og kreative foreldre. Veret var denne gongen slik at alt kunne skje ute og kvar klasse hadde sine klårt definerte

oppgåver.

Til dømes var det matsal ved barnehagen og andreklassa, luftgeværskyting og fotballbowling ved tredjeklassa, pilkast ved sjuandeklassa og kakeotteri ved fjordeklassa. Dei fleste klassane hadde to oppgåver.

Det skjedde noko heile tida, slik det plar gjera i Uskedalen.

Her er det i sannheit meir enn ein aktivitetsdag..

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen